



Til føresette på Vg1 og Vg2

Vår ref.:

Dykkar ref.:

Tertnes, 04.10.2021

Invitasjon til foreldremøte for Vg1 og Vg2

Vi inviterer med dette til foreldremøte for Vg1 og Vg2 tysdag 19. oktober kl.18.00-19.30, Stad Tertnes vidaregåande skule, i treningshallen i 1. etasje. Bruk inngang A mot parkeringsplassen når de kjem.

Program:

Informasjon om:

- skulen, pedagogisk utviklingsarbeid og internasjonalisering
- elevtenesta, skulemiljø og foreldresamarbeid
- nytt administrasjonssystem VIS, fråværsreglement, prøveplan og vurdering

Vi ber om skriftleg påmelding for å ha tal på kor mange som kjem. Link til påmelding finn de på heimesida til skulen: <http://skole.hfk.no/tertnesvgs>

I dette foreldremøtet blir det generell informasjon. For foreldre på Vg2 blir noko av det repetisjon av det vi gjekk gjennom på møtet i fjor, men noko er nytt frå i år. Skulen har fått eit nytt administrasjonssystem som vi vil gje dykk informasjon om. Det blir invitert inn til nytt foreldremøte i starten av februar der vi orienterer om val av programfag og søknad for Vg2. Her vil det og bli foreldrekonferansar der det vil bli anledning til å ha individuelle samtaler med kontaktlærar og faglærarar.

Vel møtt!

Med helsing
Tertnes vidaregåande skule

Line Skage
rektor

Vedlegg: Brev om foreldresamarbeid



Til foreldre til Vg1- og Vg2-elevar

Vår ref.:

Dykkar ref.:

Tertnes, 04. oktober 2021

Foreldresamarbeid

Vi ser det som viktig å ha eit godt samarbeid med foreldre/føresette, der formålet skal vere å fremje god læring og utvikling for eleven.

Forskrift til opplæringslova uttrykkjer dette på ein fin måte:

Foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling. Eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for skolen for å styrkje utviklinga av gode læringsmiljø og skape læringsresultat som mellom anna fører til at fleire fullfører vidaregåande opplæring.

Tilgang til skriftleg informasjon.

På heimesida vår – <http://skole.hfk.no/tertnesvgs> – vil de finne generell informasjon som skulen og tilboda skulen gir. Her finn de til dømes kontaktinformasjon, skuleruta, skulereglementet og mykje anna. Skulane i Vestland får nye nettsider i desember. Lik oss gjerne på facebookside vår – Tertnes vidaregåande skole den offisielle – for å sjå blider og oppdateringar frå ulike elevaktivitetar på skulen.

Vi legg ut informasjon som møteinvitasjonar og andre meldingar til føresette på nettsida. I slike tilfelle sender vi ut SMS med informasjon om kva vi har lagt ut.

Foreldre har tilgang til VIS. Per no har ein tilgang til elevane sin timeplan, kontaktopplysningar og meldingssystemet. Når karakterar som blir gitt midt i skuleåret (halvårsvurdering) og ved slutten av skuleåret (standpunkt- eller halvårsvurdering) er offentleggjort vil desse bli tilgjengelege i VIS. Når karakterane er synlege for dykk i VIS sender vi ut varsla om dette på SMS. Med mindre elevane ber om det, vil det ikkje bli skriva ut karakterar på papir før etter fullført utdanning – det vil seie etter Vg3 for elevar på utdanningsprogram for studiespesialisering.

Brev med varsel om fare for å få Ikkje vurdering (IV) og/eller nedsett karakter i Orden og/eller Åtferd blir sendt elektronisk til eleven og til foreldre fram til datoen eleven fyller 18 år. Når eleven har fylt 18 år, må skulen ha eleven sitt samtykke til å informere foreldra om vurdering, fråvær m.m.

Foreldremøter og planlagde samtalar Vg1

- Ein samtale ved skulestart – startsamtale - der det blir lagt vekt på å bli kjend med eleven og ta ei kartlegging for å sikre tilpassa opplæring.
- I oktober blir foreldre til Vg1-elevar inviterte til foreldremøte. Her blir det gitt meir generell informasjon om skulen, innhaldet i opplæringa, medverknaden til foreldre, rutinar og anna som er relevant for foreldra.
- I februar inviterer vi til ein samtale med kontaktlærer/faglærer der det blir lagt vekt på korleis eleven arbeider i det daglege, eleven sin kompetanse i faga og utviklinga til eleven. Her vel

ein sjølv kven av faglærarane ein ynskjer samtale med og det er fint om elevane er med i desse samtalanane.

- For å førebu for inntak på Vg2 vil vi invitere til foreldremøte for Vg1 der vi orienterer om val av programområde og programfag. I tid vil vi prøve å legge dette foreldremøtet på same dag som foreldresamtalanane i februar. Det vil bli sendt ut eigen invitasjon til dei planlagde foreldresamtalanane og foreldremøta.

Foreldremøter og planlagde samtalar Vg2

- I oktober blir foreldre til Vg2-elevar inviterte til foreldremøte. Her blir det gitt meir generell informasjon om skulen, innhaldet i opplæringa, medverknaden til foreldre, rutinar og anna som er relevant for foreldra.
- Ein samtale med kontaktlærer/faglærer i februar der det blir lagt vekt på korleis eleven arbeider i det daglege, eleven sin kompetanse i faga og utviklinga til eleven. Her vel ein sjølv kven av faglærarane ein ynskjer samtale med og det er fint om elevane er med i desse samtalanane.

Personleg kontakt

Sjølv om mykje av informasjonen i dag blir formidla digitalt, er det viktig med jamleg og uformell kontakt med foreldre når ein finn det nødvendig. Vi oppmodar dykk til å ta kontakt med kontaktlærer eller andre nøkkelpersonar ved skulen når de føler behov for det.

Med ønske om godt samarbeid!

Med vennleg helsing
Tertnes vidaregåande skule

Line Skage
rektor